

## Fiskeri- og kystdepartementet

Postboks 8118 Dep

0032 Oslo

Vår dato: 17.11.2009

Vår ref: 2009/2275 - 14330/2009 /

Dykkar ref:

### Hardangerfjordforskrifta - uttale

Stord kommune har gått gjennom forslag til forskrift og gir fylgjande uttale:

Krav til akvakulturverksemd som berre omfattar Hardangerfjorden vil sannsynlegvis ha påverknad på konkurranseforhold mellom næringsaktørane, noko som heilt klart er uheldig for næringa. Ein må ta omsyn til den betydinga oppdrett har m.a. for sysselsetjing i distrikta. Likevel er også laksefiske ei næring ein må ta omsyn til, og tilsvarande kan fiske etter laks og sjøaure (sal av fiskekort) vere ein del av inntekta for enkelte innan landbruks- og turistnæringa. Samtidig har førekomstane av laksefisk også eigenverdi, og det er viktig å gjera det som er mulig for å ivareta bestandane av desse.


Stord kommune ser det som naturleg å inkludere heile Langenuen i området dersom ein skal vedta ei slik forskrift. Det kan då verta eit større område som må "dele på " den totale biomassen, dersom ein då ikkje aukar denne grensa. Om ein ikkje tek med Langenuen i ei slik forskrift kan det få som konsekvens at det vert stor auke i presset i dette området.

For Sunnhordland er oppdrettsnæringa ei sentral næring i høve til sysselsetting og verdiskaping. Det er viktig at næringa får rammevilkår som gjer det mogeleg å utvikla seg i tråd med næringa i resten av landet. Hardangerfjordområdet er samstundes viktig for både villaks og sjøaure, og ein står ovafor store utfordringar med å ta vare på bestandane av desse. Å hindre ytterligere auke i MTB i Hardangerfjorden er eit viktig ledd i arbeidet for å betre høva for villfisk.

Det er opna for å gje dispensasjon frå biomassetaket i § 6. Dermed ser ein det slik at det er mogleg å gje nye løyve, men i og med at det krev dispensasjon vil det føreliggje ei grundig vurdering før ev. løyve vert gjeve. Dette samsvarar med prinsippet om samla belastning (som er heimla i naturmangfaldlova), som Stord kommune meiner er eit viktig prinsipp å følgje dersom ein skal lukkast i å bevare dei ville bestandane av laksefisk.

Ein er positivt på dei reglane som er føreslått for brønnbåtar og flytting av fisk (§§ 8 og 9).

Med helsing



Liv Kari Eskeland  
ordførar

Kopi: Stord Fitjar Landbruks og miljøkontor